

Årsmelding for Human-Etisk Forbund Sunnhordland lokallag 2025

Styre og verv

Styresamansetting:

Leiar:	Lise Steinsvåg Heimdal
Nestleiar:	Jan Henrik Kyvik
Økonomiansvarleg:	Jorunn Miljeteig
Styremedlemmer:	Toril Sundby Eli Tverborgvik Jan-Arvid Stoknes Synnøve Zahl Steinsland
Varamedlemmer:	Liv Marit Fauske Hilde Elisabeth Mathisen Sørvik
Valkomité:	Laila Engelsen
Revisor:	Aksel Sunde Rikstad Tveita

Delegatar til årsmøtet i Hordaland regionlag var Eli Tverborgvik og Jan-Arvid Stoknes.

Lise Steinsvåg Heimdal har hatt ansvar for og vore seremonileiar for namnefestane i lokallaget, som vart gjennomførte i mars og september.

Lise Steinsvåg Heimdal har og hatt ansvar for og vore seremonileiar for konfirmasjon på Stord og på Bømlo.

Kursleiarar for konfirmantane på Stord var i 2025 Jan Henrik Kyvik, Stine Norveel Semb, Aurora Marie Bersås Kvilhaugsvik, Alejandro Gómez Villanueva og Monica Bothner Bunes. Kursleiarar på Bømlo var Gro Skjønberg og Hans Håkon Skjønberg.

Sunnhordland lokallag har to vigslarar; Ingelin Ida Marie Petterteig og Geir Ersland. Dei vigsle kvar sine to par i 2025.

Møteaktivitet

Årsmøtet vart halde 20.februar 2025.

Det nye styret har hatt fem møter i løpet av året.

14.mai arrangerte styret årsfest, der valkomiteen og kursleiarane for året også var inviterte. Det var ein vellukka fest, med god mat i godt selskap.

Aktivitet gjennom 2025

Konfirmasjon

Året starta for lokallaget slik det plar gjere, med konfirmasjonskurs. Me hadde fem grupper på Stord og to grupper på Bømlo, med totalt 67 konfirmantar. I tillegg var det ein konfirmant som tok nettbasert kurs.

Konfirmantane på Stord var i år fordelte på tre kveldskurs med ti samlingar frå februar til april, og to helgekurs med fire lørdagssamlingar i februar, mars og april. På Bømlo vart konfirmasjonskursa haldne som kveldskurs, med ti samlingar frå januar til april.

Fem konfirmasjonsseremoniar vart gjennomført i Stord Kulturhus siste helga i april, og to seremoniar i Bømlo Kulturhus andre lørdag i mai. Her fekk familiemedlemmer og vener vera med på fine og høgtidelege seremoniar. Hovudtalar var Marte Belsvik Hansen.

Namnefest

Det vart arrangert namnefestar to lørdagar i 2025, ein seremoni den 22. mars og to seremoniar 20. september. Til saman 13 namnebarn deltok. Hovudtalar på namnefesten i mars var Trude Mathiesen, og i september Sigfrid Leifsen.

Pride

Human-Etisk forbund set menneskerettar i høgsetet. Pride er ein organisasjon som me er stolte av å støtta. Representantar frå lokallaget deltok difor med fane i toget på Bømlapride 21.juni. I forkant av Bømlapride deltok Hilde Elisabeth Mathisen Sørvik i ein panelsamtale i biblioteket i Bømlo kulturhus der tema som vart tekne opp var blant anna tryggleik, hatytringar, retten til å vera seg sjølv og kvifor Pride framleis er viktig.

Quiz

25.november slo lokallaget til med quiz i Peppes Pizza sine lokaler. Quizen var utarbeida av quizmaster Jan-Arvid Stoknes, som utførte oppgåva med glans. Alle deltakarane, rundt 30 i talet, kosa seg med gratis pizza og brus.

Vintersolverv

For andre året på rad markerte lokallaget vintersolverv den 21.desember i Leirvikstova. Her var musikalske innslag, gåvelotteri til borna og prat rundt borda. Dei som møtte fram hadde ei koseleg førjulsstund saman.

Medlemstal

Sunnhordland lokallag gjekk ut av 2024 med 883 medlemmer. I starten av 2025 starta Kvinnherad sitt eige lokallag, og tok med seg sine 216 medlemmer, som gjorde at Sunnhordland lokallag i praksis gjekk inn i 2025 med 667 medlemmer.

Ved utgangen av 2025 har lokallaget 750 medlemmer, som vil seie ein auke gjennom året på 83 (12,4 %).

Det gleder oss at medlemstalet fortsatt stig. Me trur auken gjenspeglar eit generasjonsskifte i livssyn i lokalsamfunnet, og at me kan venta ein fortsatt auke i innmeldingar i åra som kjem. Styret oppmodar medlemmer som kan tenkja seg samvær med likesinna om å delta på arrangementa me har gjennom året. Det hadde vore veldig kjekt om fleire blei med!

Me i styret håpar at fleire som kjenner tilhøyrsløse til det humanistiske livssynet melder seg inn slik at Human-Etisk Forbund får auka midlar til å fortsetja å arbeida for at alle skal ha frihet til sjølv å velja korleis ein vil leva livet sitt, og å gje befolkninga tilbod om høgtidelege, sekulære seremoniar når ein ynskjer å markera viktige og tradisjonelle milepælar i livet, frå fødsel til død.

Styret i Sunnhordland lokallag
v/ leiar Lise Steinsvåg Heimdal

leiar, Lise Steinsvåg Heimdal

nestleiar, Jan Henrik Kyvik

økonomiansvarleg, Jorunn Miljeteig

styremedlem, Toril Sundby

styremedlem, Eli Tverborgvik

styremedlem, Jan-Arvid Stoknes

styremedlem, Synnøve Zahl Steinsland